



Føresette i 3. klasse

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/160 - 17/1934

Saksbehandlar:

Torill Persson Solli

torill.persson.solli@lindas.kommune.no

Dato:

20.01.2017

## Informasjon til føresette i 3. klasse

I går gjekk søknadsfristen ut på stillinga til Bente. Det har ikkje vore lett å få søkjarar, men vi har to personar vi ønskjar å ha samtale med så snart som mogleg, forhåpentlegvis tidleg neste veke. I så fall kan vi ha klar ei ny kontaktlærer på slutten av neste veke.

Skulen har prøvd alt for å ha stabile vaksne rundt elevane våre. No er det slik at vi ikkje rår med sjukdom, og vi har heller ikkje kø av ledige lærarar. Det har vore arbeidd hardt for å få på plass ein lærar for 3. klasse. Heidi og Gerd har strekt seg langt nettopp for å ivareta tryggleiken og stabiliteten i klassen. Eg er svært takknemleg for at dei har vore vikarar slik at klassen har hatt stabile vaksne å forhalde seg til.

No er situasjonen slik at Gerd gjer seg i dag, ho er jo pensjonist. Eg håper på forståing for at det då vert ulike vaksne med barna dykkar til ny lærar er på plass. Dette gjeld sjølvsagt berre kontaktlæraren, dei andre vaksne er dei same som dei er vande med. De vil få ut nytt informasjonsskriv på slutten av neste veke, eg håpar og trur med informasjon om kven som tek over klassen for Bente.

Eg ønskjer dykk alle ein god helg.

Med helsing

Torill Persson Solli  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Mottakarar:**  
Føresette i 3. klasse